



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato  
16.05.2014  
Dykkar dato  
07.05.2014

Vår referanse  
2013/16341 721.0  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### Melding om tilskot i 2014 til kommunalt rusarbeid - kapittel 763 post 61

Fylkesmannen viser til søknad av 7. mai 2014 om tilskot på kr. 700 000,- til ein stilling i «Stig inn – aktiv kvardag».

Fylkesmannen gir med dette eit tilskot på kr. 700 000,- til ein stilling i «Stig inn – aktiv kvardag» i Lindås kommune over kapittel 763.61 på statsbudsjettet for 2014.

På kapittel 763 post 61 har vi kr. 29 941 481,- til fordeling. Ved behandling av søknadane har vi og nytta kr. 1 000 000,- frå kapittel 0761.63. Midlane vi har til fordeling er vesentleg mindre enn kva kommunane har søkt om. Søknadane er difor berre delvis innvilga.

#### Klagerett

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Kommunen har difor ikkje høve til å klage på vedtaket eller vilkåra i dette brevet.

#### Bruk av midlane

Tilskotet er gjeve ut frå regelverket for tilskotsordninga. Tilskotet skal disponerast til årsverk og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn det som er omtala i dette brevet. Dersom midlane ikkje blir brukte etter føresetnadene, skal dei betalast attende til Fylkesmannen. Feil bruk og mislighald av tilskotet vil kunne føre til rettslege tiltak.

[Les tilskotsreglementet på nettsida til Helsedirektoratet](#)

#### Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når Fylkesmannen har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand. Sjå siste sida i dette brevet.

#### Ubrukte midlar

Tilskotet skal brukast i dette budsjett- og kalenderåret. Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- Betal heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel, post og vårt saksnummeret. Fylkesmannen skal informerast om dette på førehand.
- Søk Fylkesmannen om overføring av ubrukne midlar i 2014 til bruk i 2015, dersom prosjektet eller aktiviteten blir vidareført.

### **Kontroll og dokumentasjon**

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jmfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Fylkesmannen gjer òg merksam på at Riksrevisjonen har høve til å å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jmfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Fylkesmannen krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysingar som ligg til grunn for søknaden eller utrekninga av tilskotsbeløp, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

### **Rapportering om måloppnåing**

Kriteria for måloppnåing er lista i vedlagte regelverk for tilskotsordninga, sjå kapittel 3.

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotet. Det skal gå fram korleis og i kva grad måla for prosjektet er nådd. Kommunen skal sende sluttrapport/årsrapport for tiltaket per 31.12.2014 til Fylkesmannen innan 31.3.2015.

### **Rekneskapsrapportering**

Det skal førast separat rekneskap for tilskotet, skilt frå resten av rekneskapen for eksempel med ein prosjektkode. Rekneskapen skal vise kva utgifter som er dekte av tilskotet, og skal vere skilt frå rekneskap for eigne midlar og/eller midlar frå andre. Rapport med rekneskap per 31.12.2014 skal sendast til Fylkesmannen innan 31.03. 2015. Rekneskap for tilskot på kr. 100 000,- må vere revisorattestert.

Revisor skal få kopi av dette brevet ved revisjon eller avtalte kontrollhandlingar knytte til dette tilskotet. Rekneskapet skal vere revidert i samsvar med Den norske revisorforenings standard [ISA 805 "Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillinger og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en rekneskapsoppstilling"](#). Revisorstadfesting av rekneskap skal sendast Fylkesmannen innan 31.3.2015.

Rapportar/resultat frå eventuelle offentlege kontrollar eller tilsyn skal fortløpande sendast til Fylkesmannen.

Ver venleg å skrive saksnummeret vårt på all brevveksling, 2013/1634.1

Fyll ut og send vedlagte stadfesting til [postmottak@fmho.no](mailto:postmottak@fmho.no) snarast, så overfører vi pengane etter det.

Med helsing

Rune Fjeld e.f.  
ass. fylkesmann

Helga Arianson  
fylkeslege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: stadfesting

Stadfestinga skal snarast sendast i retur til:  
Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Vår ref.: 2013/16341

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

## STADFESTING

Organisasjonsnummer: .....

Kontonummer:

.....  
(NB! Dersom kontonummeret blir endra i løpet av året, må Fylkesmannen snarast varslast om endringa.)

Namn, adresse og telefonnummer på prosjektleiar/økonomiansvarleg:

.....  
.....  
.....  
.....

Innvilga tilskot på kr. 700 000,- over statsbudsjettet kapittel 763 post 61 for budsjettåret 2014.

Lindås kommune stadfestar med dette å ha lese og godteke vilkåra som er gjevne i tilskotsbrev av 15. mai 2014.

.....                      .....

stad	dato	ansvarleg person
------	------	------------------

Stadfestinga skal underteiknast av styreleiaren eller den som har prokura. For kommunar og fylkeskommunar skal stadfestinga underteiknast av rådmannen eller personen som har fått delegert avgjerdsretten.